



Vikøy Sokneråd
Postboks 39
5600

Referat frå SR i Norheimsund kyrkje 11.03.2025 kl.19.00

Frammøtte: *Magne, Solfrid, Astrid, Tove, Vetle, Erling (nett) og Gudrun*

Til opning las Tove diktet *Inst inni meg* av Jon Fosse

Kaffi og noko å bita i: Gudrun

20/25 Godkjenning av innkalling og referat

Vedtak: Innkalling og referat vart godkjende.

21/25 Orientering

- **Evaluering av bønneveka:** Det er ynske om å fortsetja å ha bønneveke og å utvida samarbeidet med andre lag og sokneråd.
- **Info frå kulturkomiteen:** Gospelfredag 4.april. Temamøte med Henrik Syse og Geir Gundersen blir til hausten.
- **Fasteaksjon:** 8.april kl.17. Alle som kan frå SR, møter kl.16.45.
- **Konfirmantfest:** Meny blir lasagne med salat, dressing og brød + kroneis, kaffi og saft. GSL bestiller lasagne frå Heidi Helgheim.
- **Innsamling til ledlys, utebelysning av kyrkja:** Konsert + basar. Komiteen jobbar vidare med saka.
- **Messy Church:** Søndagsskuleforbundet i No nyttar opplegget. Kostar 7500 kr/år. Me skal få meir info av ei frå Bjørnafjorden. Kva opplegg kan vera aktuelt? Tverrfagleg fagdag for dei tilsette i prostiet? Ein laurdag for SR? Kvam internt? På kveldstid kl 17-21? Vetle arbeider vidare med dette.

- **Hardangerbarnekorfestival:** Det har vore positive samtalar med Sevi og Eirin-Beate Åserud Løvlid om å ha ein slik festival i Norheimsund kyrkje til hausten.
- **Innkjøp av ikon:** Komitèen kjem tilbake med meir info seinare.
- **Innkjøp av vaffeljern:** Det er gjort innkjøp av 2 doble jern + 1 stk enkelt vaffeljern (til glutenfritt).

22/25 Lokal grunnordning ved dåp.

Vedtak: Vikøy sokneråd ynskjer å innføra lystenning i lysgloben for kvart einskild dåpsbarn i etterkant av dåpshandlinga. Ein av kyrkjevertane tenner lys/lysa.

23/25 Bruk av projektor: Ny projektor er no montert i kyrkja vår.

Det blir viktig å gje god opplæring til den/dei som skal bruka projektoren.

Vedtak: Vikøy sokneråd vedtek å innføra projektor til bruk under gudstenestene. I ein overgangsperiode vil òg salmebøker og liturgi på papir delast ut.

24/25 Årsmelding: Soknerådsleiar gjekk gjennom årsmeldinga for 2024.

Vedtak : Årsmeldinga er godteken med endringar som kom fram under møtet (sjå vedlegg av endeleg årsmelding).

25/25 Økonomi og rekneskap: Kasserar Erling la fram rekneskap for 2024 og budsjett for 2025 via mobilsamtale.

Vedtak: Rekneskapen for 2024 vart godkjend. Budsjettet for 2025 vart vedteke.

25/25 «Våge, tru og bevege» – om frivillig teneste i kyrkjelyden. Er det noko å henta her for frivilleg arbeid i Vikøy sokn? Kva kan motivera til innsats?

Vedtak: Saka vert utsett til neste SR.

26/25 Eventuelt

- **Dugnader:** 5.mai (Nhs): Pølser, pølsebrød, ketchup og sennep (Gudrun handlar inn).
27.mai (Vikøy): Magne spør om Ottar Byrkjeland kan leia dugnaden.
Kunngjeringar under kyrkjeannonse i HF + på gudstenesta + plakatar.
- **Innspel frå Brynhild:** Kva betyr kyrkja i Kvam for folk? Dette kan t.d. vera ei spalte i Kyrkjeblad for Kvam.

Neste soknerådsmøte er 20.mai kl.19.00

Opning v/ ?

Mat v/ ?

Gudrun Skeie Langeland, skrivar